



## Årsmelding Lærdal Golfklubb 2023

Ein sesong utan bane, men mykje spel på Simulator Årdal  
og på baner omkring men ikkje så nære  
Fleire lokale medlemmar

### 1. Årsmøtet og Styret sin aktivitet

Årsmøtet 2023 var to-delt med Vanleg Årsmøte på nett (Teamsmøte) den 15. februar og ein Ekstraordinært Årsmøte om rekneskapen den 1. mars (og som nett-møte)

### Styret 2023

Petter Lossius, Leiar

Øystein Ullebø Sandnes, Nestleiar

Gerd Skalle, Styremedlem

Mats Karlsson, Styremedlem

Per Åke Evjestad, Styremedlem

Nikolai Sommer Os, Styremedlem

Øystein Østergren, Styremedlem Vara

Oddrun Hiller, Styremedlem Vara

## 2. Klubben Formelt og Admin

**Baneklubb – Hemsedal Golfklubb var Baneklubb i 2023 og vil halde fram som Baneklubb 2024, Lærdal Golfklubb takker.**

**Tilsette og Løn - Ingen tilsette. Ingen løns- eller gasje-utbetalinger i 2023.**

### **GolfBox Medlemsarkiv og Kontingent Fakturering NorKred (Ole Kristian Øren)**

Ole Kristian har ansvar GolfBox medlemsarkiv med inn- og utmeldingar og alle førespurnader.

- Medlemsarkiv vert oppdatert løypande
- Kontingent vert fakturert gjennom NorKred og det har vist ei betring i kontingent-inngang

### **Rekneskap og Revisjon (Mats Karlsson)**

Mats har ansvar rekneskap, faktura-betaling, sporing saker relatert til utlegg.

- Økonomiservice ved Vigdis Helene Mo har ført rekneskapen.
- Vi har dobbeltgodkjenning ved betaling i Sogn Sparebank (Mats, Petter, Øystein, Vigdis).
- Petter tar korrespondanse og rapportering til NGF og NIF Sogn & Fjordane, samt Brønnøysundregistrene.
- Revisjon: Fylgjer NIF sine reglar for lag med omsetnad under 5 millionar kroner.
- Revisorar 2023 (Kontrollutval): Odd Inge Mo og Oddmund Bøe, med Ståle Øvstetun som vara

### **Vipps (Ole Kristian, Petter, Øystein, Mats)**

Klubben sitt Vipps-nummer er 116086.

Noko inntekt frå startkontingent turneringar 2023 (KM og Simulator)

Noko inntekt frå sal golfballar, hanskar

**Formelle Aktivitetar** – sjå liste i tabell neste to sider – venste side er klubben og høgre er AS og nye bana.

Møter og Saker Styret om Klubb og AS	Møter og Saker Styret
<b>Klubben</b>	<b>Lærdal Golfbane AS</b>
	01-09 Aksjonærregisteroppgave Innsendt
01-10 Skatteetaten om MVA 2022	
01-12 Per Åke Skatteinnberetning Gaver 2022	
01-17 Årdalrange VLS Maskin Faktura	
02-15 Årsmøte Teams	
02-15 Kontingentbrev	
02-23 Årsrekneskap	
02-25 Norkred Bankavtale EGIRO PLUSS	
03-01 Ekstra Årsmøte	
03-07 NGF Fak 73835	
	03-13 Aksjeoppgåve for 2022
	03-27 Reguleringsplan
04-30 MVA Kompensasjon 2022	
05-18 Altinn Samordna Reg Godkjent	
	05-27 AS - Anleggsmidler anlegg 53088
	06-27 Harald Husabø BDO Årsregnskap AS
	06-30 Skattemelding AS Kvittering
	07-01 Monika Lysne Fråsegn
07-01 SSF Kunde	
07-19 Årsregnskap fra Altinn	
	08-10 Sogn Avis Bana til Departementet

	08-11 Vedtak Detaljregulering
08-15 Altinn endring i innlevering av skattemelding	
	08-17 Monika Lysne Kommune Vedtak
	08-22 Gjensidige Avtale
	09-01 Styremøte Teams Olsnes
	09-04 Kake Sparebanken Vest Per Åke
	09-11 Olsnes Besøk og GPS Koordinatar
09-15 NGF Faktura 74602	
	09-23 Norconsult Flaumvurdering
	09-28 AS Skatteoppgjer
	11-01 Søknad Spelemidler Fornying
	11-09 Møte med Kommunen
	11-10 Sogn Avis Artikkel
	11-10 Synfaring Departement
	11-14 KDD Teams Per Åke - Pål Melbye
	11-19 Lærdal Kommunale Byggesak Fak11007234
	11-20 Lærdal Kommune Gebyr Planarbeid
	11-22 Norconsult 10-års Flaumsonekart
	12-14 Reguleringsplan Trond Øyen Einemo
Årsslutt	Årsslutt

### 3. Aktivitet Utad

#### Heimesida LeGk.no (SysOp Georg Næumann)

Georg, firma Netopp Næumann, er SysOp sidan 2012 og driv heimesida og overvakar mot uønskt aktivitet.

Web-host er Servetheworld.

Frå 2017 WordPress løysing. Brukarar er Georg, Petter, Øystein, Per Åke.

Servetheworld og legk.no vart porta til ny server i 2021 – mail [post@legk.no](mailto:post@legk.no) mykje spam og phishing forsøk i 2023

#### Facebook (Ole Kristian, Jørn, Øystein)

**Lukka gruppe** for Lærdal Golfklubb. - ANBEFALAST - med ei lukka gruppe blir du ikkje blanda bort i anna Facebook aktivitet.

<https://www.facebook.com/groups/310852029011712/>

Hendingar for klubbturneringar og undergrupper for golfturar og anna. Bruk denne så mykje som mogleg.

Det er og ei **Ope side** – <https://www.facebook.com/laerdalgolfklubb>

#### Jentegolfen (Gerd)

Ansvarleg er Gerd Skalle.

#### Seniorgolfen Herrar

Ansvarleg Per Arve Paulsen - spel andre banar 2023, spesielt på Hemsedal Golfklubb som ga Sr-spelarar god avtale (kr. 175).

#### Kurs, Trening

Trenar 1 Jørn Eldegard, Ole Kristian Øren, Nikolai Sommar Os

Vegen til Golf (Jørn, Ole Kristian) - planlegg kurs i Hemsedal Gk 2024

Rekrutteringsinitiativet Juniorgruppa (Per Åke) – snakk med Per Åke om nytt treningsanlegg på Ljøsne

## **Forsikring (Petter, Mats)**

Ny leverandør frå 2018 Gjensidige – Avtale gjev betre sikring ansvar spelar, ansvar Styre, underslag og meir. Skreddersydd pakke som heter Gjensidige Næringslivsforsikring - Pris etter rabatter ca. kr. 8000

Personal - med antallsoppgave - Alle ansatte

- Lovbestemt yrkesskade og yrkessykdom

Dugnad, Organisasjoner, Korps/klubb - Medlemmer

- Ulykke invaliditet, ulykke død

Ansvarsforsikring, Rettshjelpsforsikring, Styre- og ledelsesansvar, Kriminalitet

## **Dokument Lagring og Outlook**

Klubb-dokument er dels på heimesida i WordPress Media-arkiv.

Dels lagra i Skyen på Outlook (Petter sin Outlook, Klubb- og AS-Styret har fått lese og skrivetilgang).

## **Bank – Sogn Sparebank – Klubb-bank**

Brukskonto

KONTO m KID for innbetaling medlemskontingent

Eigen konto for Årdalrange

Nokre gåve-kontoar i høve nye bana

## **Bank – Sparebanken Sogn og Fjordane er AS-bank**

## **Brønnøysund Registrene, Organisasjonsnr**

Einingsregisteret – Data om Styret 2023 er oppdatert og godkjent – det vert krevd for å søke MVA-kompensasjon kvart år.

Organisasjonsnr 983 897 126 - dette er og brukt til Grasrotandel.

Undereinheit Org.nr. 919 274 824 – er til MVA.

## Grasrotandel

**Stor takk til dei som gjev Lærdal Golfklubb sin Grasrotandel støtte, 36,000 (!) i 2023.**

## Idrettsregistreringa, MVA-kompensasjon

God løysing ved NIF og NGF - innberetning beløp til MVA kompensasjon er samordna og skjer i april. **Refusjon kr. 20,000 i 2023.**

## Kulturmidlar (frist er tidleg, sjekkast start mars)

Ikkje motteke 2023

## Handicapkomite

Handicap revisjon for 2023 vart gjort automatisk av NGF ved årsskiftet.

Dei som har HCP som gjeld i turnering får melding (minst fire registrerte rundar 2023).

Handicap-komité er Ole Kristian Øren (leiar), Petter Lossius.

## ProShop? Ja, finst framleis

Klubben har **Logoballar** for sal, pr dusin Callaway Supersoft kr. 450,-. Callaway Chrome Soft kr. 600,-.

Petter har nokre bag'ar og køllesett lagra, til utlåns eller sal (rimeleg).

**Pokalsamling** - Klubben har ei samling små-pokalar frå Premietoppen.no til premiar.

Mykje spikes og peg'ar.

#### **4. Spel og Turneringar (Øystein)**

##### **GolfBox (World Handicap System)**

WHS HCP system første år var i 2020, ymse meiningar, dei fleste meir nøgd med WHS.

##### **Samarbeid med andre klubbar (Øystein US)**

Avtale med Hemsedal Golfklubb - Vår Baneklubb

Voss Golfklubb

Sunnfjord Golfklubb

Hallingdal Golfklubb (Granheim)

Snakk med Ole Kristian Øren om Valdres Golfklubb

##### **Klubbmeisterskap 2023 – Hemsedal Golfklubb Søndag 3. september**

Klubbmeister 2023 ble Ole Kristian Øren, avgjort etter 4-hols omspel med Per Åke Evjestad. Begge var likt på 77 slag etter ordinær runde. Tore Gjerdalen tok klar tredje, 79 slag.

Tore var best når turneringa vart rekna etter Stableford (37 poeng, netto 67 slag).

Siger i Herre senior gikk til Geir Larsen (88 slag) med Jan Lunde på god andre (95) og Odd Inge Mo tredje (98).

Junior-klassen vart vunne av Knut Blaaflat Evjestad. Sjå meir på legk.no.

KM Pitch'n Putt vart ikkje arrangert 2023. Fleire som ynskjer dette.

##### **Golfsimulator Årdal (Simugolf)**

Open for spel sidan desember 2020, organiserer og Trackman turnering (kontakt Ståle eller Odd Børge)

##### **Golfsimulator Vesterland (vinterstengd)**

Opna tidleg 2020, Arne Glenn Flåten, sjå Vesterland Feriepark på vesterland.no – stengt vinter 23/24.



**E16 Cup Lærdal Gk og Valdres Gk – Sist spelt 12. september 2021, vunne av Lærdal Gk – Pokal hos LeGk**

**Riksveg 52 Cup – Pokal hos LeGk**

**Rikheim Cup er for tida pausa - [Historikk](#).**

### **Senior-Gruppa Rekordar, Hemsedal Gk (slå den!)**

Ni hol ut, Scramble, 2-manns lag – 34 slag (2. juli 2021, Mats, Petter)

Ni hol inn, Scramble, 2-manns lag – 37 slag (9. juli 2022, Ivar Otto, Per Arve), (2. september, Dide, Petter)

Ni hol inn, Scramble, 3-manns lag – 36 slag (26. august, Ivar Otto, Per Arve, Thomas)

Atten hol, Scramble, 2-manns lag – 82 (2022, Ivar Otto, Thomas)

## **5. Årdalrangen (Øystein)**

**Årdalrange mottok kr. 90,000 i gave fra Sogn Sparebank.**

Takk til klubben, støtta går til forbetring anlegget i Utladalen.

### **Maskinpark Årdalrange**

1 stk John Deere klipper – denne er operativ, var til ettersyn vinter 2016

1 stk Toro 216 triplex sylindarklyppar bensin (Fairway) – det er satt på nytt feste på ramme og gjennomført stort vedlikehald. Status usikker.

1 stk Ballautomat for 20 og 10 kr, programmerbar med telleverk

## **6. Nye Bana (sjå legk.no om status no)**

Forslag Privat Reguleringsplan er klart og vart godkjent av kommunens sitt Utval for Miljø

## **7. Medlemsarbeid**

### **Marknadsføring og Google AdWord**

Per Åke Evjestad har vidareført marknadsføring på Google AdWord som står for stor del av nye medlemar.

Me har ikkje marknadsført fjernmedlemskap på andre måtar.

## **8. Økonomi**

Me visar til Sak 5, Rekneskap, i Sakslista og Revisorane sin rapport.

## **9. Sponsorar – ingen aktive Sponsorar**

[Sponsorane er viste på heimesida og kvar har link til eiga side.](#)

**Lærdal 21. februar 2024**

**Styret Lærdal Golfklubb**

**Petter, Øystein, Gerd, Mats, Per Åke, Nikolai, Øystein og Oddrun**